

Møtereferat skulebesøk (del 1)

Dato: 03.05.17

Emne:	MØTEREFERAT FRÅ SKULEBESØK	
Til stades:	Emil Christian John Nyborg (elevrådsleiar), Eduard Faghiuri (elevrådsmedlem), Agnes Tellnes (avd.leiar), Torunn Rugesæter (avd.leiar), Kari Danielsen (avd.leiar), Rita Gjerde (avd.leiar), Øyvind Bønes (avd.leiar), Arthur Tøsdal (avd.leiar), Rolf Arve Haugstvedt (rector), Eivind Johannesen (representant frå tilsette), Trond Valklev (representant frå tilsette), Roy Eide (fagleiar), Unni Bøckmann (økonomileiar), Sigurd Trageton (ass. rektor)	
Forfall:	Ingen	
Møtetid:	09:30 – 14:00	Møtestad: Årstad vidaregåande skole

Møteleiar: Hillevi Runshaug**Referent:** Sigurd Trageton

A. Mål med skulebesøket

Regionleiar innleia kort om formålet med skulebesøket og viste mellom anna til Verksemdbasert vurdering – Innhald i skulebesøka og Styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane. Målet med skulebesøket er å få utfyllande informasjon om resultatata til skulen som er meldt inn gjennom tilstandsrapport og dele refleksjonar og vurderingar kring verksemda og særleg få vurderingar og innspel frå elevane.

B. Tilstandsvurdering 2016/17

- Kva fortel skulen sine resultat så langt i skuleåret? Innleiing v/skulen

Ass. Rektor informerte kort om innsatsområde, arbeid med desse og resultat. Generelt har fråværet gått ned, men resultatata så langt tyder på redusert fullføring samanlikna med fjoråret. Det er sannsynlig ei nedgang i talet på sluttarar. Inntakspoenga til elevgruppa er omlag som eller litt betre for nokre utdanningsprogram. Ny fråværsregel har ført til ei markant auke i talet på IV og andel elevar med IV ved første termin. Det prosentvise talet på IV aukar meir enn den prosentvise auke i talet på elevar med IV. Resultata frå elevundersøkinga er om lag som for fjoråret.

Skulen gjennomførte fleire endringar ved inngang til skuleåret, mellom anna oppretting av ei samla elevteneste, endra organisering av HT gruppene, endra innhald i avd.leiarrolla, utfasing av programfagleiarane, utfasing av fagrettleiarar i fellesfag, innføring av nye møtestrukturar, endra timeplan m midttime ein gong i veka, styrking av studiesenteret. Også i leiargruppa har det vore store endringar, med mellom anna tre nye avdelingsleiarar.

Det har vore utfordrande for skulen å tilpasse seg alle dei nye endringane. Elevtenesta fikk ein litt vanskeleg start i haust. Det vart ein stor omlegging i rutiner for dei i elevtenesta, men og for resten av skulen, kontaktlærarar /brukarane av tenesta. Skulen er også inne i et tverrfagleg samarbeidsprosjekt med NAV som og fører til endring i arbeidsmåtar og samarbeid.

Fråvær

Elevane opplever at fråværsreglementet er vanskeleg å forstå og at det gir for strenge konsekvensar. Dei saknar eit foredrag slik at elevane kan bli best mogleg kjent med reglane for fråvær. Fråversgrensa fungerer for mange, men ikkje for dei som har utfordringar frå før.

Det er positivt med fleire elever på skolen. No er det viktig å skape trivsel, slik at fleire elevar ønsker å kome på skulen. Elevane og elevrådsstyret vil gjerne bidra med eige prosjekt og er alt i gang med å vere synleg tilstades i fellesområda i skulen. Elevrådet oppfattar at det generelt er eit godt miljø på skulen. Det er mange som har nokon å vere saman med i friminutta.

Det at elevane no er meir tilstades motivert av fráværsgrensa, fører ikkje alltid til auka motivasjon for læring. Ein konsekvens er dermed høgare krav til innhaldet i undervisninga. På TIP har ein forsøkt å legge til rette ulike prosjekt for elevane med bygging av bilar, robotar mv for å engasjere elevane. Ein opplever positive effekter av dette.

Kodingsprosjektet på Elektro er eit anna prosjekt som gir stort engasjement hos elevane.

Korleis opplever lærarane situasjonen med at elevane er meir tilstades? (spm frå skuleiegar)

Utdanningsforbundet ga uttrykk for at målet om redusert slutting og auka læringsutbytte kan vere i konflikt då lite motiverte elevar kan vere med å forringe læringsmiljøet for dei andre. Er det også ein konflikt i å vere for imøtekommande overfor krav om varierte undervisningsmetodar, når ein veit at elevane møter ein annan kvardag når dei kjem ut i lære kor det er heilt andre krav om tilpassing. Men totalt sett har både krav til fråver og lære plass gitt positive bidrag.

Kompetanse og trong for vidare utvikling (Rektor)

Med tanke på den vidare utviklinga av skulen ser vi at det er mykje god kompetanse mellom anna i merkantile eining. Vi ser det er eit godt samarbeid mellom merkantile tenester og elevtenesta. Det er elles lett å sjå kva vi har av formell kompetanse i skulen, men det er og viktig å få god innsikt i realkompetansen og korleis denne står seg mot dei mål og krav vi vil møte framover.

Utviklingsplanen og skulemiljøet.

Elevane ga uttrykk for at det er eit godt arbeidsmiljø der ingen vert mobba.

Elevane på elektro har tatt initiativ til felles spel på playstation i friminutta for å legge til rette for eit betre skulemiljø. Ein meiner dette har slått positivt an..

Ifølgje elevane ser ein ikkje mobbing på skulen, men dei meiner det kan forekome digital mobbing. Elevane og skuleleiinga er opptekne av å skape eit positivt miljø på skulen for å motverke mobbing. Mobbeombudet besøkte skulen i haust og foreleste om mobbing for tillitselevane. Ved Helse- og oppvekst der det har vore ein del nettmobbing førre skuleår hadde ein i tillegg invitert politi for å snakke om mobbing. Tiltaket hadde positiv effekt på klasse miljøet.

Rektor: Elevane kan oppleve at dei er trygge i nærområdet. Det kan vere ei utfordring når gruppene møtes i fellesområde. Dette kan vere knytt både til ulike kulturar og språk. Manglande språk kan skape unødige problem.

Eit viktig tiltak for eit godt og mobbefritt skulemiljø, er miljøarbeidarane ved skulen. Dei har til oppgåve å være tilstades blant elevane og følgje med for å fange opp mobbing. Det kan vere å fange opp einskildelevar som dei oppdager sjølve, eller det kan vere elevar dei blir bedne om halde auge med.

Opplæringsavdelinga: Vi veit at relasjonar mellom elevar i ein klasse har mykje å sei for oppleving av tryggleik i opplæringa.

Skulen har snart ein ferdig plan mot mobbing som er utarbeidd saman med andre skular. Men mobbing har vore tema med jevne mellomrom og gjerne då på teammøter. Skulen har teammøter annakvar veke.

UFD. Det har vore eit problem dei seinare åra at avdelingsleiarane ikkje er nær nok på elevane/lærarane. Det er derfor viktig at dei har undervisning.

Avslutning av møtets første del:

Opplæringsavdelinga: Kva er det viktigaste for skulen å gripe tak i neste år for å bli betre og korleis?

UFD Viktig å fokusere utviklingsplanen i sterkare grad og få fram to til tre mål ein kan bli samde om. Det er til dømes viktig med god og tett oppfølging kor lærarane får tid og høve til å kome tett på elevane.

NITO: Færre ord i utviklingsplanen og det må legges til rette med synleg oppfølging av planen. Elles er det viktig å tenke og få til nyskaping. Vi gjer ting på Årstad i dag som dei ikkje gjer andre stader. Det er verdifullt og gjer skulen meir attraktiv

Elevrådsstyret:

- Det er viktigast å sjå og fange opp dei svake elevane og rettleie desse med tanke på fråversgrensa.
- Tett kommunikasjon mellom lærar og elev med vurdering. Tilbakemelding/framovermelding slik at eleven ser kva som må til. Skape ein moderne skulekvardag med mellom anna bruk av digitale verktøy.
- Veldig viktig med spanande prosjekt kor ein vektlegg vekslinga mellom praktisk og teoretisk læring.

Timeplanleggar/ekoordinator: Korleis kan ein betre legge til rette for variert undervisning. Det er trong for å evaluere det ein prøvde å få til med parallellegging av undervisninga.

C. Skuleleiinga si rolle i arbeid med tilstandsvurdering og utvikling i lys av «Plattform for pedagogisk utviklingsarbeid»

DEL 2:

Viktige moment i forhold til vidare utvikling av skulen.

Rektor:

Det er et felles mål om å få til noe vi står saman om. I dette vert relasjonar, kultur, ansvar og ansvarsplassering viktige element med tanke på å få skulen til å fungere godt i den daglege drifta.

Skuleeiar: Korleis har mange av dei endringane som blei innførte ved skulestart fungert og korleis fungerer ny leiargruppe? Runde rundt bordet.

Torunn (avd.leiar): Det har vært mykje å lære som ny som avdelingsleiar. Samstundes har avdelinga endra seg og støtt på særskilte utfordringar som avviklinga av konsekvenspedagogikken. Dette er det fleire lærarar som er lite nøgde med. Avdelinga vert også mindre ved at ein valte å legge HT gruppene til dei andre avdelingane.

Kari (avd.leiar): Det har vært kjekt å kome til Årstad. Er glad i nye ting. Det er lett å komme i posisjon overfor lærarane. Det er no ei særleg utfordring å ha totalansvaret for heile studieprogram. På Nordahl Grieg var vi fleire avdelingsleiarar på same programma. Det er utfordringar med påbygg, i form av stor spreining i elevmassen. Dette gjer at vi må tørre å møte elevane der dei er, sjølv om vi må frigjere oss frå kompetanseplanar («pensum»). Det krev pedagogisk mot å legge læreplanen «litt til sides».

Unni (økonomileiar) Det har vore ei urolig tid med mykje skifte og endringar. Med endringa i fjor vår vart økonomileiar innlemma i leiargruppa. Det gir betre oversikt for meg og ei betre kopling mellom skuleleiinga og merkantil eining.

Sissel (leiar elevtenesta/elevinspektør): Det er eit godt arbeidsmiljø i elevtenesta og leiinga. Noko av utfordringa i elevtenesta har vore å få semje om ein felles struktur og arbeidsmåtar. Manglande vektlegging av gode strukturar i startfasen ved store endringar– førte til at ein gjerne ville falle tilbake til gamle arbeidsmåtar. Det er viktig med dialog for å få til samarbeid om det ein vil oppnå. No er det stor optimisme i elevtenesta.

Rita: (avd.leiar). Det har vore et svært strevsamt skuleår. Utflytting frå Solheimsgaten og innflytting i nytt bygg har tatt svært mykje av tida. Dette skjedde samstundes med innføring av nytt studieprogram KDA. Felles og samla kontor med andre avdelingsleiarar har vore positivt.

Øyvind (avd.leiar): Eitt av måla for endringane i fjor, var å få til éin felles skule. Dette skapte utfordringar, noko ein så til dømes gjennom samhandling med ny elevteneste. Elevtenesta har møtt til dels ulike forventningar og praksis mellom avdelingane. Hovudbiletet er at Elevtenesta er og vil bli bra for elevoppfølginga, men omlegginga har skapt eit tomrom for fleire lærarar som har opplevd å miste ein viktig støttespelar i avdelingsleiaren.

Arthur (avdelingsleiar): Etter fem år som avdelingsleiar for elektro har det skjedd ei positiv utvikling. Det skjer mykje positivt i avdelinga. Har positive lærarar som er offensive og søker utvikling. Det å få ansvar for eit fellesfagområde (engelsk) har vore utfordrande. Samlokalisering av avdelingsleiarar har vore mest positivt. Samla leiing gjer det enklare å tenke heilskapleg og tverrfagleg. Men lærarane har uttrykt ønske om auka nærvær. Plasseringa av avdelingsleiar nær lærarane og elevane ga meir ro og orden, men det ser og ut til at lærarane no er meir sjølvstendige. Med etableringa av elevtenesta og flytting av avdelingsleiarfunksjonen opplevde lærarane auka responstid høvesvis hjelp oppfølging av elevar. Dette er eit viktig område framover.

Sigurd (ass.rektor). Skulen har vore gjennom svært mange endringar siste året. Mykje er i bevegelse på same tid. Det gjeld og endringar i leiargruppa. Det er derfor mange utfordringar med å kome inn som leiar no. Leiargruppa arbeider med å finne sin arbeidsform og med å få etablert klare mål for arbeidet, men det er og som følgje av endringane, mange driftssaker som tar mykje tid. Det blir spanande å sjå korleis vi får til utviklingsarbeidet som no skal konkretiserast utover våren. Det er ein god tone i leiargruppa og vi hadde eit godt seminar i London. Det er positivt med folk utanfrå skulen og fylket. Dei ser ting med nye auge og kan sette gode standardar for kva vi må prestere.

Rolf (Rektor): Det kan være krevjande når alt er i endring. Opplever og opplevde ein positiv haldning i leiargruppa til at dette vil vi klare. Har og møtt positive og imøtekommande lærarar. Kvar enkelt av oss kan kjenne på ein mangel om å strekke til. Det er då veldig viktig å skape ei god gruppe.

For å få til eit godt samarbeid i leiargruppa er det viktig å finne noko som ein kan stå for. Det må ligge noko i botn for å skape ein god skole. Det eine er å kjenne seg trygge. Det andre er å ha gode administrative rutinar. Vi må komme opp på eit visst nivå her for å kunne drive eit godt utviklingsarbeid. Det er mellom anna mangel på tryggleik og gode rutinar som gjer at nokre lærarar og elevar ikkje har fått naudsynt oppfølging.

Det er gevinstar i dette med at leiinga sit saman. Vi må forsøke å skape nærleik til lærarane på andre måtar.

Kva er grunnlaget vårt for utvikling? Vi har dei elevane vi har og vi har og dei er våre elevar. Er du elev hos oss forventar vi en del ting. Men dette gjeld også lærarane. For mange lærarar underviser i fag der dei ikkje har kompetanse. Dei kan være lektorar med opprykk, men ikkje i faget dei underviser i. Vi treng å utfordre lærarane på ein måte som både gir naudsynt tryggleik, men som utfordrar til kompetanseheving. Dette er avgjerande. Til hausten vil vi mellom anna satse på vurdering for læring og kollegarettleing. Det er viktig å gjere kvarandre gode. Tverrfaglig samarbeid kan og gi høve til å arbeide med etter- og vidareutdanning.

Korleis føl skule opp resultatata frå elevundersøkinga?

Dette året har skulen ikkje fullført heile planen for elevundersøkinga.

D. G. Drøfte val av strategiar og prosessar med heile leiargruppa

E. H. Prosess vidare og punkt til oppfølging i samtalen mellom rektor og regionleiar

Til hausten blir det en oppfølgingsamtale mellom regionleiar og rektor. Her vil ein gå gjennom resultatata for skuleåret.

I dette møtet ønskjer regionleiar å dialog om:

- tilpassing, variasjon og vurdering
- lærarsamarbeid, og være tett på elevane og tverrfagleg samarbeid
- tid til å evaluere

Godkjent av:

Rektor:

Regionleiar: